



MØTEBOK

PLAN- OG MILJØUTVALET 06/26

Møtedato: 02.06.2026**Møtetid:**

Kl. 08:30 - 13:00

Møtestad: Sula rådhus, 4. etg**Saksnr.:**

045/26 – 056/26

Følgjande medlem møtte

Jim Arve Røssevoll

Karoline Antonie Slinning

Natalia Øvstegård

Øystein Båtnes

Jan Magnar Sandvik

Parti

AP

AP

FRP

FRP

SUL

Forfall meldt frå følgjande medl.

Sissel Andersen

Jan Arne Sletta

Parti

FRP

H

Følgjande varamedlem møtte

Kjell Petter Dyb

Vibeke Bjørkavåg

Parti

FRP

H

Møteleiar:	Øystein Båtnes
Frå administrasjonen:	Kommunalsjef Torry Larsen, fungerande einingsleiar Terje Havnegjerde (tekniske tenester) og John-Magne Eikrem (eigedom), rådgivar Cecilie Solli, politisk sekretariat: Anne Lise Engkrog Salen
Innkalling:	Innkalling med saksliste er sendt ut på førehand. Saksdokument til møtet har vore tilgjengelege for politikarane på møteportalen (https://sula.acosky.no/moteportal) og for publikum på Sula kommune si heimeside. Innkalling vart godkjent.
Sakliste:	OK
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	Kommunedirektør var ikkje til stades i dette møte og einingsleiarane var kommunedirektøren sin erstattar.

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
045/26	Godkjenning av møtebok nr. 05/26	
046/26	Forskrift om fellingsavgift	
047/26	Gnr 58 bnr 6 Dispensasjonsvurdering - Overføringsleidning	
048/26	Gnr 64 bnr 106 - Behandling av klage på igangsettingsløyve	
049/26	Rapportering frå eining for eigedom og eining for tekniske tenester	
050/26	Forslag til temaplan for naturmangfald, Sula kommune	
051/26	Gnr 102 bnr 11 - Stig Juul - Vedtak for frådeling - Dispensasjon	
052/26	Gnr. 94 bnr. 443 m.fl. Detaljreguleringsplan	
053/26	Gnr 111 bnr 57 - Klagebehandling - Rammeløyve	
054/26	Langevåg IL Diskgolf. Søknad om vegstenging samt avgrensing til friareal i samband med arrangementet "NM i pargolf".	
055/26	Delegerte saker	
056/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	

045/26: Godkjenning av møtebok nr. 05/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 045/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

046/26: Forskrift om fellingsavgift

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek forslag til forskrift vedlagt. Fellingsavgifta skal følgje, til ei kvar tid, maksimal sats gitt i Stortingets Budsjettvedtak. Endringsforskrifta har vore lagt ute på høyring, med høyringsfrist på 3 veker. Det er ikkje motteke merknadar. Grunngeving; Sula kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel: Viltressurslova § 9; Kommuna kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal sendes om kommunen

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Saka vart drøfta og kommunedirektøren si innstilling vart einstemmig vedtatt med nokre rettingar i innstillinga til:

Sula kommunestyre vedtek forslag til forskrift vedlagt. Fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets sitt budsjettvedtak.

Endringsforskrifta har vore lagt ute på høyring, med høyringsfrist på 3 veker. Det er ikkje motteke innspel eller merknadar.

Grunngeving: Sula kommune er forplikta til å vedta forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i Sula kommune frå og med ny viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel er gitt i Viltressurslova § 9; Kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for kvart dyr som felles av elg og hjort innanfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal stilast til Sula kommune

PM - 046/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek forslag til forskrift vedlagt. Fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets sitt budsjettvedtak.

Endringsforskrifta har vore lagt ute på høyring, med høyringsfrist på 3 veker. Det er ikkje motteke innspel eller merknadar.

Grunngjeving: Sula kommune er forplikta til å vedta forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i Sula kommune frå og med ny viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel er gitt i Viltressurslova § 9; Kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for kvart dyr som felles av elg og hjort innanfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal stilast til Sula kommune

047/26: Gnr 58 bnr 6 Dispensasjonsvurdering - Overføringsleidning

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gir Plan- og miljøutvalet dispensasjon frå § 4 i kommuneplanen sin arealdel – område for særskild bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF-område) – til utlegging av avløpsleidning.

Grunngjeving: Omsynet bak føreseigna vert ikkje vesentleg tilsidesett, då tiltaket har avgrensa og mellombels påverknad på sjøområdet, og på lengre sikt vil gi miljøforbetrande effektar gjennom betre avløpshandtering. Fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Saka vart drøfta i utvalet.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 047/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gir Plan- og miljøutvalet dispensasjon frå § 4 i kommuneplanen sin arealdel – område for særskild bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF-område) – til utlegging av avløpsleidning.

Grunngjeving: Omsynet bak føreseigna vert ikkje vesentleg tilsidesett, då tiltaket har avgrensa og mellombels påverknad på sjøområdet, og på lengre sikt vil gi miljøforbetrande effektar gjennom betre avløpshandtering. Fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene.

048/26: Gnr 64 bnr 106 - Behandling av klage på igangsettingsløyve

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klaga, datert 11.03.2026, til følgje.

Det opphavlege vedtaket i DP-sak 002/26 av 06.03.2026, om igangsettingsløyve for framtidig einebustad på gnr. 64 bnr. 106, vert difor oppretthalde.

Saka skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd og plan- og bygningslova § 1-9 siste ledd.

Partane i saka skal underrettast om vedtaket, jf. forvaltningslova § 27.

Grunngjeving:

Det er ikkje avdekt feil ved det påklaga vedtaket. Klaga inneheld heller ikkje nye faktiske eller rettslege forhold som tilseier at vedtaket bør endrast eller opphevast.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Saka har 2 vedlegg som var gradert og det vart drøfta om saka skulle behandlast opent og som ei u-off sak.

Etter drøftingar vart saka behandla som ei open sak.

Vibeke Bjørkavåg (H) har skrive under på klagen frå naboar og ber om å få vurdert habiliteten sin.

Ho vart samrøystes vurdert inhabil jf. Forvaltningslova §6 første ledd.

6 voterande.

Saka vart drøfta og kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

Vibeke Bjørkavåg (H) kom til att i møtet.

PM - 048/26 Vedtak:

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klaga, datert 11.03.2026, til følgje.

Det opphavlege vedtaket i DP-sak 002/26 av 06.03.2026, om igangsettingsløyve for framtidig einebustad på gnr. 64 bnr. 106, vert difor oppretthalde.

Saka skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd og plan- og bygningslova § 1-9 siste ledd.

Partane i saka skal underrettast om vedtaket, jf. forvaltningslova § 27.

Grunngjeving:

Det er ikkje avdekt feil ved det påklaga vedtaket. Klaga inneheld heller ikkje nye faktiske eller rettslege forhold som tilseier at vedtaket bør endrast eller opphevast.

049/26: Rapportering frå eining for eigedom og eining for tekniske tenester

Plan- og miljøutvalet tek orientering til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Einingsleiar for eigedom orienterte om følgande saker:

- Vasset Borettslag: Byggeprosjektet går som planlagt, ingen avvik.
- Barne og avlastingsbustad: Forprosjekt er pågående og skal opp til politisk behandling Sept/Okt.
- Småhus Fyllingen: Byggesøknad ligger til behandling.
- Fiskarstrand skule: Ligger ute for salg har hatt nokre henvendelser, ikkje mottatt noko bud foreløpig.
- Måseide skule: Bud er mottatt, blir behandla i Formannskapet 09.06.26
- Solevåg skule : Rehabilitering av sørfasade, holder på med utarbeidelse av tilbuddokument.

Einingsleiar for tekniske tenester orienterte om følgande saker:

- Arbeid med kommuneplan sin arealdel. Sak 24/3693 «Revisjon av arealdelen av kommuneplan 2025-2037».

Det kom inn ca 100 innspel. Innspela er grovsortert. Og oss arbeider oss sakte gjennom. Vi har hatt et møte med Statsforvalter, fylkeskommune og Vegvesen. Diskutert litt dei store innspela. Både i møte og i etterkant av møtet.

Havbruk. (**OM** oss skal ha – og **KOR** oss skal ha). Ingen anbefaling av type teknologi i plan.

Massedeponi. Naturmangfold og mulig forurensing er utfordringa.

Vegløysning Vedde-Mausa. Har et mål om å få lagt inn traseen i kartet,

Tursti. Samme her. Starte med å plassere stien i kartet. Fikk tips om utforming.

Det er satt opp et ekstra utvalgsmøte 25 juni med Plan/miljø + Formannskapet.

Dette bli et arbeidsmøte. Detaljane er ikkje på plass – men oss ønsker å ta utgangspunkt i et saksframlegg skal sy sammen et faglig program. Oppfordrer alle politiske partia å komme med sine innspel.

- Arbeid med reguleringsplaner.

Reguleringsplan for bedre skuleveg frå Langevåg skule og vestover».

Heidesletta boligfelt. Ca 15 boenheter. Er i slutfasen.

Karlgarden boligfelt. Veldig mange boenheter. Også i slutfasen. Utfordring med vegløyninga inn mot Veddevegen.

Furneset Rorbu/småbåthavn. Heilt i oppstartsfasen.

- Bygge-/frådelingssaker. Grei aktivitet. Det ligg ca 75 saker til behandling.

Kommunalteknikk:

- MOLVÆRSVATNET. Multiconsult er valgt entreprenør for å vurdere tiltak i Molværsvatnet.

Skal lage et notat som beskriver kva som kan gjerast med terskelen (opp eller ned), korleis vannstanden i Molværsvatnet vil oppføre seg og få en bekreftelse på at demninga forblir stabil også i den nye situasjonen. Kostnad på ca 153.000,- .

Det er NVE som skal behandle og ev gi tillatelse til fysiske tiltak i/ved vassdrag.

- Futevegen. Her skal ledningsnettet under vegen skiftast ut. Anbudssum på 10. mill. Som ligg litt under budsjettert sum.
- Når det gjeld Kongshaugen, så er det gitt rammetillatelse/igangsettingstillatelse til det aller meste av ledningsnettet.
- Avløpssituasjon.

Framdrifta på Kongshaugprosjektet er i rute. Dvs ferdig rundt årsskiftet 2028. Starte med ei innkøyringsperiode, før det blir satt i full drift.

Når det gjeld vår avløpssituasjon så ser oss fram til 2028.

Vi har en del byggeprosjekt som har søkt/fått godkjent sanitærabonnement. Fått tildelt X antall PE (Person ekvivalenter). En bolig 2.5 – 5 PE. En persons daglige belastning på avløpsnettet.

Trinn 1. Ikkje alle disse prosjekta blir realisert til 2028. Vi er derfor i gang med å kartlegge dei byggeprosjektene som har fått utsleppsløyve – men som ikkje blir innflytningsklare til 2028. I slike tilfelle «låner» vi deira tildelte løyve. Og bruker det til eit prosjekt – dvs til det prosjektet som har den eldst registrerte søknaden om utsleppsløyve (først til mølla prinsippet) - som blir innflytningsklart FØR 2028. NB. Vi tar ikkje frå nokon utsleppsløyve; vi berre låner det. Bruker vårt skjønn i den vurderinga.

Trinn 2. Når åpningsdagen på Kongshaugen nærmer seg – kan oss sleppe meir opp. Bygging av en bolig tar statistisk sett ca 8 mnd. Så 8-10-12 mnd før åpning av det nye renseanlegget – åpner vi opp for alle.... Det er vår plan.

Orienteringa blir lagt inn som referat under fana behandling.

Ein del spørsmål vart stilt og svart ut.

Jan-Magnar Sandvik (SUL): Dette blir mykje munnleg informasjon og ber om skriftleg innstilling i møta for ettertida.

PM - 049/26 Vedtak:

Plan- og miljøutvalet tek orientering til vitande.

050/26: Forslag til temaplan for naturmangfald, Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet vedtek at forslag til temaplan for naturmangfald vert lagt ut på høyring, Samfunnsplan, vedtatt i K-sak nr. 036/25 den 24.04.2025, legg føringar for temaplanen som Sula kommune sitt styringsdokument.

Plan og miljøutvalet i Sula kommune tilrår at administrasjonen varsler offentleg ettersyn i ni(9) veker frå vedtaksdato, jf. plan- og bygningsloven §§ 4.1, 11.12 og 11.13. Høyringsfrist for offentleg ettersyn vert sett til 4.august 2026.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Saksbehandlar hadde ein gjennomgang av arbeidet med planen og saka vart drøfta.
Forslag frå Vibeke Bjørkavåg (H):

Ta med i planen fremmed arter som er truende for eksisterende fauna, generelt for Norge, og om mulig avdekke truede arter som allerede eksisterer på Sula. Dette for å skape større og videre kunnskap om offentlig beplantning i første omgang, og som

Side 7

kanskje kan resultere i bedre fauna i det offentlige rom. Samtidig kan dette vere retningslinjer som kan gi et varsku ved søknader om masseutskifting, deponering m.m. For å "unngå spredning av fremmedarter".

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt med tilleggssforslaget frå Vibeke Bjørkavåg (H).I tillegg vart det omtalt mindre endringar som saksbehandlar tar med i planforslaget.

PM - 050/26 Vedtak:

Plan og miljøutvalet vedtek at forslag til temaplan for naturmangfald vert lagt ut på høyring, Samfunnsplan, vedtatt i K-sak nr. 036/25 den 24.04.2025, legg føringar for temaplanen som Sula kommune sitt styringsdokument.

Ta med i planen fremmed arter som er truende for eksisterende fauna, generelt for Norge, og om mulig avdekke truede arter som allerede eksisterer på Sula. Dette for å skape større og vidare kunnskap om offentlig beplantning i første omgang, og som kanskje kan resultere i bedre fauna i det offentlige rom. Samtidig kan dette vere retningslinjer som kan gi et varsku ved søknader om masseutskifting, deponering m.m. For å "unngå spredning av fremmedarter".

I tillegg vart det omtalt mindre endringar som saksbehandlar tar med i planforslaget.

Plan og miljøutvalet i Sula kommune tilrår at administrasjonen varsler offentlig ettersyn i ni (9) veker frå vedtaksdato, jf. plan- og bygningsloven §§ 4.1, 11.12 og 11.13. Høyringsfrist for offentlig ettersyn vert sett til 4.august 2026.

051/26: Gnr 102 bnr 11 - Stig Juul - Vedtak for frådelling - Dispensasjon

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan -og bygningslova (pbl) godkjenner Plan -og Miljøutvalet omsøkte frådelling av parsell frå eigedom gnr. 102 bnr. 11 ved Nedre Råsa 26, 6030 Langevåg. Dette jamfør situasjonskartet lenger nede i saksframlegget.

Følgande vilkår gjeld for løyvet:

- Eigedomen skal nyttast i tråd med den til ei kvar tid gjeldande føremål og tilhøyrande plankrav.
- Jf. pbl. kap. 27 skal heimelshavar sikre nødvendige rettigheiter for opparbeiding, vedlikehald og bruk av tilkomstveg, tilkopling til vatn -og avløpsleidningar. Grunneigar skal sørge for tinglysing av rettigheitene. Dette gjeld for eksisterande og for ein nyoppretta bustadeigedom.

Dispensasjon:

Jf. pbl. § 19-1 blir det søkt om dispensasjon frå kravet om detaljregulering jf. føresegn § 4.1.3 i "Områdeplan for Langevåg sentrum".

Med heimel i pbl. § 19-2, gir plan -og miljøutvalet dispensasjon frå kravet.

Grunngjeving:

Omsøkte oppretting av to sjølvstendige eigedomar vil ikkje tilsidesette intensjonane for bustadfunksjonen. To sjølvstendige bustadeigedomar kan bli oppretta, og fungere i tråd med krava i områdeplanen. Tiltaket er i tråd med ei ønska arealøkonomisering i sentrumsnære område.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksbehandlingsgebyr, jf. Sula kommune sitt gjeldande gebyrregulativ. Etter at gebyr er betalt, vil oppmålingsforretning bli utført

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Saka vart drøfta og spørsmål vedr. vegrettar og reguleringar vart svart ut. Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 051/26 Vedtak:

Med heimel i plan -og bygningslova (pbl) godkjenner Plan- og Miljøutvalet omsøkte fradeling av parsell frå eigedom gnr. 102 bnr. 11 ved Nedre Råsa 26, 6030 Langevåg. Dette jamfør situasjonskartet lenger nede i saksframlegget. Følgande vilkår gjeld for løyvet:

- Eigedommen skal nyttast i tråd med den til ei kvar tid gjeldande føremål og tilhøyrande plankrav.
- Jf. pbl. kap. 27 skal heimelshavar sikre nødvendige rettigheiter for opparbeiding, vedlikehald og bruk av tilkomstveg, tilkopling til vatn -og avløpsleidningar. Grunneigar skal sørge for tinglysing av rettigheitene. Dette gjeld for eksisterande og for ein nyoppretta bustadeigedom.

Dispensasjon:

Jf. pbl. § 19-1 blir det søkt om dispensasjon frå kravet om detaljregulering jf. føresegn § 4.1.3 i "Områdeplan for Langevåg sentrum".

Med heimel i pbl. § 19-2, gir plan -og miljøutvalet dispensasjon frå kravet.

Grunngjeving:

Omsøkte oppretting av to sjølvstendige eigedomar vil ikkje tilsidesette intensjonane for bustadfunksjonen. To sjølvstendige bustadeigedomar kan bli oppretta, og fungere i tråd med krava i områdeplanen. Tiltaket er i tråd med ei ønska arealøkonomisering i sentrumsnære område.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksbehandlingsgebyr, jf. Sula kommune sitt gjeldande gebyrregulativ. Etter at gebyr er betalt, vil oppmålingsforretning bli utført

052/26: Gnr. 94 bnr. 443 m.fl. Detaljreguleringsplan

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert forslag til detaljregulering for del av gnr. 94 bnr. 443 m.fl. ved Vågnesvegen, datert 15.05.2026, lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i 6 veker.

Det kan ikkje gjevast igangsettingsløyve til nye bueiningar innanfor BF3 før det er dokumentert tilstrekkeleg kapasitet ved offentlig avløpsanlegg. Eventuelt skal nytt reinseanlegg vere ferdigstilt og teke i bruk før igangsettingsløyve kan gjevast. jf. rekkefølgekrav 8.1.

Sula kommunestyre / plan- og miljøutvalet vedtek at reguleringsendringsforsalget vert sent ut på offentlig ettersyn og høyring i 6 veker.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Saka vart drøfta og spørsmål vart svara ut.

Fellesforslag utarbeidd i møte:

Som kommunedirektøren si innstilling med endringar i punkt 4.1 til følgande:

Planbestemmelser pkt 4.1 Bustader - frittliggende småhus BF.

Innafor områda BF kan det førast opp frittliggende småhus. Dette skal vere einebustadar. Det kan ikkje byggast tomannsbustader.

Det kan etablerast maks 3 nye bueiningar innafor BF3.

Grad av utnytting skal ikkje overstige BYA=35% for BF3, og for områdene BF2 og BF4 skal grad av utnytting ikkje overstige BYA=30%. Områda BF1, BF5 og BF6 skal ha ei maks utnyttingsgrad på BYA=20% .

For heile planområdet gjeld følgande: Bygningar med saltak skal ha ei gesimshøgde på maks 6.5 m og ei mønehøgde på maks 9.0 m.

Maks gesimshøgde for bygningar med ark/takoppløft/pulttak er 8.0 m. Gesimshøgde for bygningar med flatt tak skal vere 7,0 m.

Garasjar skal ha ei gesimshøgde på maks 3.0 m, og ei mønehøgde på maks 4.5 m.

Det skal avsettast minst 2 parkeringsplassar pr bueining.

Grøfteareal frå køyrevegar kan leggjast på føremål for bustad.

Før reguleringsplanen blir lagt ut på høyring, skal 1) krav om maks utnyttingsgrad leggjast inn i plankartet i alle dei 6 BF-områda. Og 2) planbestemmelsane sitt pkt 4.1 skal justerast ihht avsnittet ovanfor.

PM - 052/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert forslag til detaljregulering for del av gnr. 94 bnr. 443 m.fl. ved Våagnesvegen, datert 15.05.2026, lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i 6 veker.

Det kan ikkje gjevast igangsettingsløyve til nye bueiningar innanfor BF3 før det er dokumentert tilstrekkeleg kapasitet ved offentlig avløpsanlegg. Eventuelt skal nytt reinseanlegg vere ferdigstilt og teke i bruk før igangsettingsløyve kan gjevast. jf. rekkefølgekrav 8.1.

Planbestemmelser pkt 4.1 Bustader - frittliggende småhus BF blir endra til:

Innafor områda BF kan det førast oppfrittliggende småhus. Dette skal vere einebustadar. Det kan ikkje byggast tomannsbustader.

Det kan etablerast maks 3 nye bueiningar innafor BF3.

Grad av utnytting skal ikkje overstige BYA=35% for BF3, og for områdene BF2 og BF4 skal grad av utnytting ikkje overstige BYA=30%. Områda BF1, BF5 og BF6 skal ha ei maks utnyttingsgrad på BYA=20% .

For heile planområdet gjeld følgande: Bygningar med saltak skal ha ei gesimshøgde på maks 6.5 m og ei mønehøgde på maks 9.0 m.

Maks gesimshøgde for bygningar med ark/takoppløft/pulttak er 8.0 m. Gesimshøgde for bygningar med flatt tak skal vere 7,0 m.

Garasjar skal ha ei gesimshøgde på maks 3.0 m, og ei mønehøgde på maks 4.5 m.

Det skal avsettast minst 2 parkeringsplassar pr bueining.

Grøfteareal frå køyreveggar kan leggjast på føremål for bustad.

Før reguleringsplanen blir lagt ut på høyring, skal 1) krav om maks utnyttingsgrad leggjast inn i plankartet i alle dei 6 BF-områda. Og 2) planbestemmelsane sitt pkt 4.1 skal justerast ihht avsnittet ovanfor.

Sula kommunestyre / plan- og miljøutvalet vedtek at reguleringsendringsforsalget vert sent ut på offentlig ettersyn og høyring i 6 veker.

053/26: Gnr 111 bnr 57 - Klagebehandling - Rammeløyve

Kommunedirektøren si innstilling:

«Det faste utvalet for plansaker» viser til vedtak gjort i DP-sak 037/26 (rammeløyve), samt klager frå naboar datert 18.03.2026 og 22.03.2026, og finn ikkje grunnlag for å endre på tidlegare vedtak.

Grunngjeving: Det kjem ikkje fram moment i klagene som gir grunnlag for å endre på tidlegare vedtak.

Klagene frå naboar blir ikkje tatt til følgje, og saka blir sendt Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Tekst i kommunedirektøren si innstillinga "Det faste utvalet for plansaker" må endrast til Plan- og miljøutvalet.

Saka vart drøfta og spørsmål vart svara ut.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 053/26 Vedtak:

Plan- og miljøutvalet viser til vedtak gjort i DP-sak 037/26 (rammeløyve), samt klager frå naboar datert 18.03.2026 og 22.03.2026, og finn ikkje grunnlag for å endre på tidlegare vedtak.

Grunngjeving: Det kjem ikkje fram moment i klagene som gir grunnlag for å endre på tidlegare vedtak.

Klagene frå naboar blir ikkje tatt til følgje, og saka blir sendt Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

054/26: Langevåg IL Diskgolf. Søknad om vegstenging samt avgrensing til friareal i samband med arrangementet "NM i pargolf".

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan- og miljøutvalet godkjenner søknaden frå Langevåg IL si diskgolfgruppe, om å stenge av eit område av Vassetvegen samt mindre delar av friområdet rundt diskgolfbana i tidsrommet fom søndag 23. august tom søndag 30. august. Dette i samband med NM-arrangement i diskgolf (pargolf).

Kartutsnitt som viser sperring/avgrensingar av det berørte området ligg ved saka.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Saka vart drøfta og spørsmål svara ut.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 054/26 Vedtak:

Plan- og miljøutvalet godkjenner søknaden frå Langevåg IL si diskgolfgruppe, om å stenge av eit område av Vassetvegen samt mindre delar av friområdet rundt diskgolfbana i tidsrommet fom søndag 23. august tom søndag 30. august. Dette i samband med NM-arrangement i diskgolf (pargolf).

Kartutsnitt som viser sperring/avgrensingar av det berørte området ligg ved saka.

055/26: Delegerte saker

Delegerte saker vert tatt til vitande slik dei ligg føre.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

Vibeke Bjørkavåg (H) reiste spørsmål om sak 065/26: Gnr 109 bnr 450 - Teltpartner AS - Vedtak om midlertidig tiltak - oppføring av telt.

Burde denne saka vore til politisk behandling og ikkje ei delegert sak?

Det var og ein diskusjon på varigheita Teltpartner AS har fått på at teltet kan stå oppe i inntil 2 år.

Det vart og drøfta at det i sentrumsplanen ikkje står noko om oppføring av mellombelse bygg/konstruksjonar og kor lenge desse evt. skal få stå.

PM - 055/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tatt til vitande slik dei ligg føre.

056/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026

Ingen spørsmål vart stilt frå utvalet!

PM - 056/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.